

Avtale mellom direktør opplæring og kompetanse og Knarvik vgs sitt lokale russestyre, russ 2025

Formål

Russetida skal være ei positiv inkluderande og trygg oppleving for russen, og eit minne for alle i skulesamfunnet.

Avtale om reglement og handlingsplanen for russefeiringa skal trygge elevar, lærar og andre tilsette ved Knarvik vgs. mot hærverk og trakassering på skulen sitt område. Elevar skal ha tryggleik for eige liv, og vernast mot alvorlege helse utfordringar. Dei skal kunne kjenne seg trygg i skulemiljøet.

Elevane sitt læringsmiljø skal ikkje uroast.

Skulen, hus i nabolaget og i nærleiken skal skånast mot hærverk.

Hugs:

- ❖ Det er skule i heile russetida.
- ❖ Vurdering og eksamensførebuing gjennomførast som normalt i russetida.
- ❖ Tilstedeværelse på skulen er viktig for resultat.
- ❖ Eksamen startar rett etter russetida.
- ❖ Skulens reglement gjeld også i russetida - utan unntak.

Rammer

Reglement og handlingsplan for russefeiringa gjeld alle elevar som går Vg3 ved Knarvik vgs.

- Russen på alle skular skal være inkludert. Russen skal være saman om russefeiringa og skape gode relasjonar. Det betyr at aksjonar/hemnaksjonar skulane seg imellom ikkje vil være foreinleg med dette. Ved vår skule er det uaktuelt med «kriging» mellom skular. "Svartelisting" av elevar skal ikkje skje.
- Etter normalreglementet er det ikkje tillat å nyte alkohol eller andre rusmidlar på skulen sitt område. Det er heller ikkje tillat å møte i ruspåverka tilstand på skulen.
- Kostnader ved skade på skulens område utført av russen på Knarvik vgs. (her under også aktivitetar som det kostar ekstra å rydde opp etter) kan bli belasta skulen sitt russestyre. Dersom slike hendingar skal oppstå vil det være russestyret sitt ansvar å få «rydda opp» i situasjonen på best mogleg måte.
- Vår skule skal ikkje være arena for negative handlingar knytt opp mot for eksempel «knutereglar». Dersom slike aktivitetar er til skade for medelevar, vil dette bli

Namn på dokument

Type dokument:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Godkjend dato:

Gjeld frå:

Revidert dato:

Arkivsak:

Side 1 av 3

handsama som disiplinærsak. Når russen utarbeider «knutereglement» skal det være skilje mellom skuletid og fritid.

- Eggkasting og kasting av andre matvarer som egg, mjøl, sukker, ketsjup, etc. skal ikkje skje på skulens sitt område. Det same gjelder kasting av kjemikaliar som maling og liknande.
- Det er forbode å bruke vatnballongar/vatngevær inne på skulen sitt område.
- «Terror dagar» og «kidnapping» er totalt forbode.
- Det er forbode å drive sal og marknadsføring (herunder russeeffektar) på skulen sitt område.

Russearrangement

Alle sosiale russearrangement som russefestar, konsertar og liknande vert lagt til helgene og heilag dagar i den grad det er mogleg.

Russeaviser

Russestyret tar avstand frå alt materiale som blir publisert av anonyme personar.

Skulen sitt ansvar for rettferdig handsaming av russ

Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse oppmodar alle lærarar til å sjå an situasjonen og forholde seg til kvart enkelt tilfelle slik at det ikkje skal gå ut over andre russ på Knarvik vgs.

Sanksjonar ved brot på ordensreglement (gjeld alle elevar på skulen).

- Uvorden/overdriven aktivitet – tilsnakk.
- Mindre regelbrot – merknad, oppførsel.
- Grove regelbrot – åtvaring om nedsett oppførselskarakter/utvising (eggkasting/valdeleg åtferd/mobbing).
- Gjentatte regelbrot – åtvaring om /evt. nedsett oppførselskarakter/utvising.
- Lovbrot kan medføre politianmeldelse.

Lokal tids- og handlingsplan.

- Reglement og handlingsplan vert gått gjennom og signert på møte der russestyret og rektor deltar. Russestyret har ansvar for å gjere reglementet og planen kjent for resten av skulen sin russ.

Namn på dokument

Type dokument:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Godkjend dato:

Gjeld frå:

Revidert dato:

Arkivsak:-

Side 2 av 3

- Reglementet vert lagt tilgjengeleg på skulens si nettside.

Viktige datoar våren 2025

13.02.2025	Foreldremøte for russ i Vestland, - Stor Bergen. Amalie Skram vgs
April 2025 - Dato kjem	Digitalt trafikksikringsarrangement, Trygg trafikk
24.04.2025	Dato for russedåp
24.04.2025- 17.05.2025	Russeklær kan brukast på skulen sitt område

Stad: *Knarvik*

Dato: *21.10.24*

Ulrik Schütz

Signatur

Konst. (rektor)

OLIVIER S SUDMANN

Signatur

(Russepresident ved skulen)

Namn på dokument

Type dokument:

Utarbeidd av:

Godkjend av:

Godkjend dato:

Gjeld frå:

Revidert dato:

Arkivsak:-

Side 3 av 3